

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Roald Kvingedal	FA - D41	17/514

Saknr	Utval	Type	Dato
042/2017	Formannskapet	PS	19.04.2017

Kommunal overtaking - drift og vedlikehald av gravplassane i Masfjorden kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune overtek ikkje drift og vedlikehald av gravplassane jf. søknad Masfjorden kyrkjelege fellesråd.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Saka gjeld kommunal overtaking av drift og vedlikehald av kyrkjegardane.

Til: Masfjorden kommune

Emne: Kommunal overtaking av drift og vedlikehald av gravplassane.

I eit møte i Masfjorden kyrkjelege fellesråd 16. februar 2017, vart det gjort fylgjande vedtak:

Vedtak 2: Kyrkjeverje formulerer eit skriv til kommunen der han vil be om at drift og vedlikehald av kyrkjegardane verte teke over av Masfjorden kommune sin Teknisk etat og at ein innarbeider dette i den eksisterande tenesteytingsavtalen.

Vi ber om at dette vert teke opp som sak i neste møte i formannskap og kommunestyre.

Sandnes 3. mars, 2017

Uttale

Teknisk sjef, Roald Kvingedal har i møte den 21.03.2017, med vedlikehaldsavdelinga på TML drøft overtaking av drift og vedlikehald av gravplassane. Og med med Kyrkjeverje og kyrkjetanar om arbeidsoppgaver til denne stillinga.

Fakta

Størrelse på stillinga: 80%.

Arbeidsoppgaver:

Slik det er no har kyrkjegardsarbeidar det daglege praktiske drifts- og vedlikehaldsarbeidet av dei 6 gravplassane i Masfjorden og tilhøyrande reiskaps-, arbeids-, opphaldsrom og klokketårn på hjelpekyrkjegardane. Her kjem også inn arbeid ved gravferd, då vil ein ha kyrkjetenaransvaret, der arbeidoppavene er å gjere klar kykja til gravferd. Denne stillinga vil ein ha fullt arbeid 100% i sesongen frå April til ut september. Ved avvikling av ferie eller sjukemelding må ein bruke innleige av vikar for å avvikle gravferd. I denne stillinga må ein og ha tett dialog/ samarbeid med Kyrkjeverje i samand med graferd.

For å kunne frakte utstyr rundt på alle kyrkjegarane må ein nytte seg av litenlastebil 7,5 tonn, så kyrkjegardsarbeidar må ha førarkort klasse c, liten lastebil.

Utstyr som i dag vert nytta i denne stillinga er, lastebil, gravemaskin, plentraktor, og anna mindre utstyr.

Økonomi 2016:

Kyrkjetenar utgifter 2016

Løn fagarbeidar 80%.	Kr	446 000,00
Andre utgifter		90 000,00
Til saman	Kr	536 500,00

Forslag TML budsjett: 2017

Løn 80%	450 000
Andre utgifter	70 000
SUM	520 000

Andre utgifter 2017: 20 000 mindre enn 2016.

Forslag frå kyrkjeverge er at kommunen kjøper utstyret som vert nytta i dag til ein takst på dette.

Vurdering

Slik det er no har kyrkjegardsarbeidar det daglege praktiske drifts- og vedlikehaldsarbeidet av dei 6 gravplassane i Masfjorden og tilhøyrande reiskaps-, arbeids-, opphaldsrom og klokketårn på hjelpekyrkjegardane. Her kjem også inn arbeid som fylgje av gravferd, kyrkjetenar ansvar, (gjere i stand til gravferd). Etter møte med vedlikehaldsavdelinga er ikkje dette noko dei ynkjer å utføre ved eventuelt ved feriar/sjukdom for kyrkjegardsarbeidar.

Om ein skal legge dette til TML bør ein ha dette som ein 100% stilling. Slik økonomien er i dag innafor avdelinga og åra framover er det ikkje midlar til å dekke inn 20% stilling. Ved å endre på dette vil ein og legge noko administrativt arbeid, arbeidsgivar ansvar over på TML, og då vil dette falle frå kyrkjeverje. Forslaget frå kyrkjeverge er at kommunen kjøper utstyret som vert nytta i dag, TML har ikkje økonomi pr i dag til kjøp av dette utstyret. Ein ser og att lastebil, gravemaskin, plentraktor i løpet av nokre år må og byttast ut.

I denne stillinga må ein og ha tett dialog/ samarbeid med Kyrkjeverje i samand med graferd og andre arbeidsoppgaver som ligg innafor kyrkja. Ved at kommunen ved TML skal overta dette arbeidet kan rolleavklaring på kven som gjer kva fort verte mistolka inna for gravplassane. Det er mest naturleg at denne stillinga forsatt vert liggande slik det er i dag innafor Kyrkja

Konklusjon

Etter samla vurdering om overtaking til kommunal drift og vedlikehald av gravplassane i Masfjorden kommune, må dette forsatt ligga til kyrkja.

Formannskapet - 042/2017

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort.

Frode Langhelle (H) gjorde framlegg om at saka vart utsett i påvente av fellesmøte mellom formannskapet og fellesrådet.

Framlegg til vedtak frå Høgre vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Saka vart utsett.

